



Alversund Maskinstasjon AS
Buhaugen 6
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1083 - 19/14773

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
13.05.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 58/54 Lygre indre

Tiltak: veg og snuplass
Byggjestad: Gbnr: 58/54
Tiltakshavar: Jan Nesse
Ansvarleg søkjar: Alversund Maskinstasjon AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.05.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Omsøkte veg går over bnr. 10. Det går fram av søknad om dispensasjon at det ligg føre rettsdokument som sikrar tiltakshavar rett til å etablere vegen på dette bruksnummer. Vi ber om at desse vert ettersendt til kommunen
2. Det går fram av nabovarsle at desse er innsendt tidligare. Vi har ei registrert sak om veg på denne eigedomen i frå 2017. Nabovarsle nytta i denne saka kan ikkje vidareførast til ny søknad, og vi ber om at dette vert gjort på nytt. Søknad om dispensasjon må også nabovarslast.
3. Vi ber om ettersending av lengde- og tverrprofilar av omsøkte veg, og opplysning om eventuell terrengarbeid.
4. Vi kan ikkje sjå å ha dokumentasjon på avkøyrsløyve inn på offentlig veg (Statens vegvesen), og ber om at dette vert ettersendt.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan **10.06.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alversund Maskinstasjon AS
Jan Nesse

Buhaugen 6 5911
Elsåsvegen 111 A 5912

ALVERSUND
SEIM